

---

Saksnr: 2020/75356-2  
Saksbehandlar: Trond Olav Wahl

---

**Saksgang**

Utv	Utv.saksnr	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutval		26.11.2022

**Blått kompetansesenter vest**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stør vidare arbeid for etablering av Blått kompetansesenter vest.
2. Fylkesutvalet vil vurdere ein partnarskapsavtale med Blått kompetansesenter vest frå 2022.
3. Løyvinga vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år med kr 500.000.- pr år frå 2021 til og med 2023. Det vert lagt til grunn at desse vert dekkja innanfor sektorane sine budsjett.

**Samandrag**

Saka gjeld vidare utvikling av Blått kompetansesenter vest. Det er i planane for senteret, både eit fag/kompetansesenter, men og annan fysisk infrastruktur, i tilknytning til Austevoll vidaregåande skule. Senteret skal kunne nyttast av marine- og maritime verksemder i samarbeid med skule og andre kunnskapsmiljø som eit nav i ei sterk næringsklynge. Døme er verksemder innan akvakultur, fiskeri, fornybar energi og transport som alle er viktige for å oppretthalde økonomisk utvikling, arbeidsplassar og busetting.

Blått kompetansesenter vest skal byggje bru mellom vidaregåande opplæring, marine/maritime verksemder og FOU-miljøa på høgare nivå, slik at elevane vert sikra relevant utdanning og praksis, og at verksemdene vert sikra arbeidskraft med rett yrkesfagleg kompetanse.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Tanken om eit sterkare og betre organisert samarbeid mellom næring, utdanning og forskning i Austevoll, strekk seg ein generasjon tilbake i tid. Etter ei årrekke med utgreiing og venting blei det i 1972 vedtatt at Statens fiskerfagskule på Laksevåg flytta til Austevoll. Ein akvakulturstasjon blei prosjektert inn på tomte. I 1978 stod både Fiskerfagskulen i Austevoll og havbruksstasjonen ferdig. Sidon den tid har det vore eit utbreidd samarbeidd mellom skule, forskingsstasjonen og næringsliv. Samarbeidet har blant anna korne til uttrykk i Opplæringskontoret i Austevoll, som eit svært viktig bindeledd mellom utdanning og arbeidsliv.

Dåverande Hordaland fylkeskommune stod i bresjen for Blått kompetansesenter. Det blei gitt økonomisk støtte, og ikkje minst var det tilsette ved Austevoll vidaregåande skule som tok initiativet og leia arbeidet med forprosjektet. I 2013 starta arbeidet med å få på plass eit blått kompetansesenter i Austevoll, etter modell frå Blått kompetansesenter på Frøya. Eit forprosjekt ble oppretta og leia av Austevoll Næringsråd som prosjekteigar. Prosjektgruppa bestod elles av representantar frå Austevoll kommune, Austevoll Næringsråd, Austevoll vidaregåande skule, Bergen maritime fagskule (Austevoll), Havforskningsinstituttet, Hordaland fylkeskommune, DOF, Vestland Offshore og Lerøy Sjøtroll. Rådmann i Austevoll kommune overtok prosjektansvaret forsommaren 2018 og la til rette for selskapsetableringa. Selskapet blei stifta 1. juli 2019 under namnet Blått kompetansesenter vest AS.

Gjennom handgripelege tiltak og prosjekt skal Blått kompetansesenter vest styrke samarbeidet mellom forskingsinstitusjonar, skular og næringsliv. Senteret skal bidra til redusere terskelen og formelle hindringar som står i vegen for meir praktisk samarbeid mellom aktørar og profesjonar. I Blått kompetansesenter vest vil ein møte forskarar, lærarar, kurshaldarar, elevlar og studentar, gründerar og etablerte næringsaktørar.

Blått kompetansesenter vest skal bidra til berekraftig ressursforvaltning, redusere klima- og miljøavtrykk, skape vekst i havbruket, styrke framtidretta næringar og til å skape framtidens arbeidsplassar. For å nå nasjonale og internasjonale målsettingar, må ein og jobbe lokalt og regionalt. I Blått kompetansesenter vest skjer samarbeidet og kunnskapsutvekslinga på kai- og merdkonten.

Blått kompetansesenter vest bygg på denne blåe klynga som har sitt utspring i Austevoll, har sterke forgreiningar og samarbeid med vidaregåande skular i regionen, fagskular over heile landet, og Havforskningsinstituttets viktige forskingsaktivitet i Bergen, Matre, Flødevigen og Tromsø.

Blått kompetansesenter vest er etablert etter inspirasjon frå blått kompetansesenter på Frøya. Senteret på Frøya blei offisielt opna i Juni 2016. Etableringa av eit tilsvarande senter i nord har skjedd parallelt med satsinga i Vestland, og formelt stifta samstundes, sommaren 2019. Desse tre sentra inngjekk samarbeidsavtale 15. januar 2018.

Blått kompetansesenter vest AS blei stifta 1. juli 2019. Føretaket er eigd med like store delar av Austevoll kommune og Austevoll Næringsråd. Austevoll kommune og Austevoll Næringsråd har avtale om samarbeid med Austevoll vidaregåande skule (Vestland fylkeskommune) og Havforskningsinstituttet.

Avtalen sikrar fylkeskommunen og Havforskningsinstituttet medlemmar i selskapets styre.

Ny berekraftig verdiskaping er særleg relevant i ein omstillingsfase i samband med reduksjon i dei tradisjonelle energinæringane. Fleire av havnæringane er framleis unge og derfor lite utvikla. Havbruk har til dømes berre vore i sterk vekst i ein 20 års periode. Det er trong for utvikling av endå meir berekraftige løysingar. Spesialisering av ulike driftsoppgåver krev meir kompetent arbeidskraft. Det er difor ekstra viktig at skulane kan følgje opp med relevant og framtidretta undervisning tett tilpassa næringane sine nye behov for omstilling. Dette kan gje nyskaping og nytt næringsliv som bygger på eksisterande næringar (marine/maritime) på Vestlandet. Vidare kan Blått kompetansesenter vest bidra til innovasjon i næringslivet og offentleg sektor, ut frå kompetanse og forskning. Senteret kan og vere med på å synleggjering at fiskeriressursar, landbruk og reiseliv er drivarar i utvikling av sterke distrikt på Vestlandet.

### Satsingsområda til Blått kompetansesenter vest

I verksemdplanen er det sentralt at Blått kompetansesenter vest skal vere prosjektleiar av ulike prosjekt som til dømes:

- Bidra til å utvikle utdanningstilbodet innanfor marine fag med særleg vekt på vidaregåande opplæring og fagskulenivå.
- Bidra til å forbetre eksisterande og utvikle nye, klima- og miljøvenlege løysingar for produksjon av sjømat og -vekstar.
- Vere den føretrekte partnaren for praktisk samarbeid innanfor marine næringar, forskning og utdanning.
- Styrke samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar som driv med marine fag i Vestland og langs kysten.

Senteret skal bidra til rekruttering og opplæring til marine og maritime utdanningar. Dette er første steget for å sikre kompetanse og sysselsetting i dei blå næringane:

- I lag med opplæringskontor og næringsliv utarbeide heilskapleg profilering og kampanje for å kartlegge og presentere mangfaldet av spennande utdanningar og yrker innan blå næringar.
- Sørge for betre medverknad i rekrutteringsarbeidet med ungdomsråda i fylkeskommune og kommune.
- Samarbeid og medverknad frå lærlingkontor, bedrifter og ikkje minst ungdomanes eigne representantar vil bidra til smartare og meir treffsikker formidling og større nærvær overfor framtidige elevar og studentar innan marine og maritime utdanningar.
- Betre samarbeid med marine og maritime bedrifter og bransjeorganisasjonar for å sørge for ein samanheng mellom næringanes behov for framtidig kompetanse, og opplæringstilbodet.
- Samarbeide med andre vidaregåande skular og fagskular, blant anna gjennom Blått kompetansenettverk, for å vidareutvikle eksisterande studietilbod - og ved etablering av nye fag og studiar.
- BKS SV som ein naturleg rådgjevar og samarbeidspartnar for utdanningsinstitusjonar i spørsmål som gjeld studietilbod og rekruttering innanfor marine og maritime næringar.
- Tilpasse kursverksemd og etablere etterutdannings- og kompetansehevingsprogram i møte med nye krav og behov.

Blått kompetansesenter vest skal dekke det meste av rettleiingsbehovet som nyetablerarar og bedrifter i dei blå bransjane har. Senteret skal ikkje konkurrere med etablerte tenester, men skal ha kunnskapen om tilbod og ordningar slik at det blir éi dør inn for rettleiing, der ein kan vise aktørar vidare blant anna når det gjeld det statlege verkemiddelapparatet:

- Kommunal førstelinjeteneste, med rettleiing og kursverksemd.
- Samarbeid med næringshagar og klyngeorganisasjonar i regionen.
- Mentorordning, med rettleiing og oppfølging frå etablerte gründerar og bedriftsleiarar og forskarar frå HI.
- Kurstilbod og kompetansehevingsprogram skreddarsydd for marine og maritime næringar.
- Utnytte betre test- og øvingsfasilitetane til Austevoll vgs. og fagskulen og etablere sikkerheitssenter på Sauaneset slik at ein kan tilby endå fleire kurs som møter nye krav og behov i næringslivet.

Senteret skal legge til rette for at utdanning, forskning og næring møtast, deler kunnskap og etablerer samarbeid. Senteret skal etablere møteplassar med faste arrangement som er differensierte - med tanke på tema, kor fagleg teknisk - eller lettfatteleg - informasjonen er, og deltakarar.

- Havdagen. Årleg hending. I første omgang to-delt opplegg:
  1. Publikumsaktivitetar med open dag og omvisningar på forskingsstasjonen og forskningsskipa til HI, i simulatorar og tokt med skulefartøya til fylkeskommunen, besøk til oppdrettsanlegg, visningssenter på fiskeindustrien, m.m. Det skal vere eigne opplegg for barnehagar og skuleklassar.
  2. Program for fagseminar, foredrag, faglege og politiske debattar.

Senteret skal i samarbeid med aktørane bak selskapet, og i eigen regi, forsterke formidlinga av kunnskap og bidra til større merksemd om både forskning, utdanning og næringsliv. Sjølv om

formidling er ein viktig del av dei andre satsingsområda, er det likevel løfta fram som eit satsingsområde. Kommunikasjon og formidling er heilt sentralt for å oppnå mange av dei målsettingane Blått kompetansesenter vest har.

Det er viktig for senteret å etablere faste møteplassar i regi av Blått kompetansesenter vest der forskning, utdanning og næringsaktørar skal treffast - og ei dør inn og førstelinja for kontakt mellom desse sektorane.

#### **Samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune**

Blått kompetansesenter vest AS har søkt Vestland fylkeskommune om partnerskapsavtale. Ei partnerskapsavtale er ei semje mellom aktørane og Blått kompetansesenter vest understrekar derfor at det er naturleg å forhandle, og for kompetansesenteret sin del, tilpasse seg vilkår og forventingar frå Vestland fylkeskommune.

Eit slikt samarbeid kan på sikt gje nyskaping og nytt næringsliv som bygger på eksisterande næringar (marine/maritime) på Vestlandet. Vidare kan Blått kompetansesenter vest bidra til innovasjon i næringslivet og offentleg sektor, ut frå kompetanse og forskning. Senteret kan og vere med på å synleggjering at fiskeriressursar, landbruk og reiseliv er drivarar i utvikling av sterke distrikt på Vestlandet.

Grunna den pågåande pandemien vart ikkje søknaden sendt til Vestland fylkeskommune innan fristen i juni. Blått kompetanse senter ønsker difor ein partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune frå 2022. Senteret har sendt søknad til Austevoll kommune om støtte frå kommunalt næringsfond. Omsøkt beløp utgjer omlag 75% av finansieringa for 2021. Då det er usikkert kor mykje midlar senteret får er det eit ønske om ei eingongsløyving frå Vestland fylkeskommune i 2021. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig å støtte vidare arbeid med senteret og å inngå ein partnerskapsavtale med Blått kompetansesenter frå 2022. Senteret sin verksemd er viktig for det lokale miljøet, fylket og regionane utanfor Vestland fylke.

#### **Vedtakskompetanse**

Hovudutval for næring  
Hovudutval for opplæring og kompetanse  
Fylkesutvalet

#### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Styret i Blått kompetansesenter vest legg opp til ein økonomiplanperiode som går frå og med 2021 til og med 2023. Dette vil sikre stabilitet og føreseielege rammer. Inntektene i denne perioden vil i hovudsak basere seg på løyvingar frå aktørane bak selskapet, 200.000 kroner i årleg bidrag frå Austevoll kommune og 200.000 kroner frå Havforskningsinstituttet. Senteret søker om 500 000 kr pr. år i avtaleperioden frå Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Blått kompetanse senter vest ønsker å forbetre eksisterande og utvikle nye, klima- og miljøvenlege løysingar for produksjon av sjømat og -vekstar. Vestland fylkeskommunen skal bidra til miljøvennleg drift og berekraftig vekst der opparbeiding av kunnskap og vidareutvikling av lågtrofiske artar, fôrressursar og areal skal vere grunnleggjande element i arbeidet. Vestland fylkeskommune skal samarbeide med regionale partnarar og miljø som klynger, næringshagar, nettverk og FoU-institusjonar.

**Folkehelse:** Å bidra til å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i lokalsamfunn som har fiskeri og oppdrett som viktig næring, bidreg og til livskraftige bygder og god helse.

**Regional planstrategi:** Innsatsen står oppunder sentrale målsetnader.

#### **Konklusjon**

Etablering av eit Blått kompetansesenter vest er eit ledd i å løyse fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag ved eit meir direkte samarbeid mellom vidaregåande skule, fylkeskommunen som regional utviklar og næringslivet i regionen. Senteret vil styrke dei blå vekstnæringane og fylkeskommunen si rolle som regional næringsutviklar. Eit Blått kompetansesenter vest vil oppnå større fagleg fellesskap og gjere regionen meir attraktiv ved hjelp av aktivitet knytt til vidaregåande skule. Vidare kan etablering av eit slikt praksisnært koplingspunkt mellom skule, næring og FoU miljøa bidra til fleire lærlingplassar og at fleire vert motiverte til å fullføre utdanninga. Blått kompetansesenter vest ønsker ein partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune.